

Vedlegg 2:

Statsbudsjettet 2009 - Om midla som vert nytta til formåla under kap. 551 postane 60 og 61.

I dette vedlegget vert det gjort greie for bruken av midla frå Kommunal- og regionaldepartementet (kap. 551 postane 60 og 61) som er inkludert i forsøket kap. 551 post 64 Utviklingsmidlar til Oppland fylkeskommune. Posten er oppretta i samband med forsøket Fritt Fram i Oppland, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (2003-2004).

Føringane og retningslinene for kap. 551, postane 60 og 61 gjeld for bruken av midla under kap. 551 post 64 som går til formål under kap. 551 postane 60 og 61. Når det gjeld kap. 551 post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, vil det verte sendt ut eige brev frå Kommunal- og regionaldepartementet så snart ramma til dei einskilde fylka er klarlagt.

1. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelt i St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa ønskjer å gi folk ein reell fridom til å velja kvar dei vil bu og leggja grunnlaget for å ta heile landet i bruk. Regjeringa vil leggja til rette for likeverdige levekår i heile landet og oppretthalda hovudtrekka i busetnads-mønsteret. Politikken skal medverka til ei balansert utvikling mellom by og land. Auka verdiskaping og styrka lokal og regional vekstkraft er både eit verkemiddel for å få til dette og eit mål i seg sjølv.

Regjeringa vil leggja fram ei ny stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken våren 2009. Meldinga er ei 4-årig prinsippmelding med analyser av samfunnsutviklingstrekk i ulike deler av landet og rammene for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa for neste stortingsperiode. Meldinga vil omhandla både den særskilte distrikts- og regionalpolitiske innsatsen under Kommunal- og regionaldepartementet og innsats på andre politikkområde som er viktige for å nå dei distrikts- og regionalpolitiske måla. Meldinga vil byggja på andre stortingsmeldingar frå 2008 – 2009 og på planane for forvaltningsreforma frå 2010.

2. Mål for dei særskilte distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane under Kommunal- og regionaldepartementet

Målstruktur

Departementet har i St.prp. nr. 1 (2008-2009) konkretisert ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane på budsjettet til departementet under programkategori 13.50. Målstrukturen skal vera

dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke desse midlane på og er delt i følgjande hovudmål og arbeidsmål:

Hovudmål	Arbeidsmål
1. Verdiskaping: Auka verdiskaping, sysselsetjing og internasjonalt konkurransedyktig næringsliv gjennom næringsutvikling, innovasjon og entreprenørskap, geografisk differensiert og i hovudsak nytta innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.	1.1 Styrka næringsmiljø: Utvikla lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gjev betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping. 1.2 Vidareutvikla etablerte bedrifter: Auka innovasjonsevna og –takten i etablerte bedrifter. 1.3 Entreprenørskap: Auka omfanget av lønnsame etableringar.
2. Rammevilkår: Gode lokale og regionale rammevilkår for næringsliv og folk, geografisk differensiert og i hovudsak nytta innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.	2.1 Kompetanse: Styrka grunnlaget for kompetanseheving for folk og i samfunns- og arbeidslivet. 2.2 Infrastruktur: Styrka fysisk infrastruktur og redusera avstandsulemper i område med få innbyggjarar og små marknader.
3. Attraktivitet: Utvikla attraktive regionar og sentra for folk og næringsliv, geografisk differensiert og i hovudsak nytta innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.	3.1 Tenester: God tilgang på grunnleggjande lokale tenester til innbyggjarane i områder med få innbyggjarar og små marknader. 3.2 Stadutvikling: Gjera mindre sentra og små og mellomstore byar meir attraktive og aktuelle som bustad og som lokaliseringstad for bedrifter.

Fylkeskommunane prioriterer sjølv mellom ulike typar innsats i samråd med regionale partnerskap, innanfor nasjonale mål, rammer og retningslinjer for posten. Måla i tabellen dannar grunnlag for registrerings- og rapporterings-systemet frå fylka og for rapportering om bruken av midlane til Stortinget. Mange utfordringar, prioriterte tema og spesielle satsingar i distrikts- og regionalpolitikken vil gå på tvers av inndelingane i denne målstrukturen. Den konkrete aktiviteten innanfor prioriteringane kan likevel som hovudregel vera knytt til målstrukturen gjennom rapporteringskategoriane i Rapp13.50.

Målgrupper

Innanfor måla legg departementet vekt på at målgruppene kvinner og unge skal få eit særskilt fokus. Det er særleg viktig at kvinner og ungdom vert prioriterte i arbeidet med entreprenørskap. Innvandrargrupper utgjer også ein ressurs og bør sjåast på som eiga målgruppe.

Over kap. 552 post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling forsterka departementet i 2008 ulike satsingar på kvinner og entreprenørskap under dei nasjonale verkemiddelaktørane for å auka kvinne delen i alle program med låg kvinne del. Satsinga vert vidareført i 2009. Målet er at innan 2013 skal 40 pst. av innsatsen på dei næringsretta midlane til departementet treffe kvinner.

Regjeringa lanserte i 2008 "Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner". Målet er at 40 pst. av nye entreprenørar skal vera kvinner innan 2013. Fylkeskommunen vert oppfordra til å arbeida for å nå målsettinga i handlingsplanen, og til å medverka til at meir av dei næringsretta midlane treff kvinner. Departementet oppfordrar fylkeskommunane til å prioritera kvinner i forvaltninga og til å samarbeida med verkemiddelapparatet i fylket i arbeidet med å auka entreprenørskap blant kvinner.

Departementet har stor merksemd på unge i 2009 og aukar difor støtta til Ungt Entreprenørskap og til ungdomssatsinga til Innovasjon Noreg.

3. Om bruken og fordelinga av midlane

Retningslinjer og verkeområde

Fylkeskommunane skal sjå til at forvaltninga av dei midlane som vert stilte til rådvelde over postane 60 og 61 er i tråd med statsstøtteregelverket innanfor EØS-avtala.

Felles retningslinjer for kap. 551 postane 60 og 61 vart innført frå og med 2008. Frå og med 2009 er det gjort endringar under følgjande punkt:

- Punkt 6 i del I: Opning for bruk av midla til evalueringar og presisering av retningslinjene for transportstøtteordninga. Pilotprosjekt og forsøksverksemd skal som hovudregel maksimalt støttast i tre år.
- Punkt 1 under del II: Fylkeskommunane får ikkje høve til å bruka renteinntekter til andre formål enn måla for kap. 551 postane 60-, 61- og 64. Midla skal plasserast på renteberande konto og ha høg likviditet.
- Punkt 4 under del II: Om manglande årsrapport frå verkemiddelaktørane og overføring av midlar til andre forvaltarar.

Departementet er kjent med at forvaltninga av tilskotsmidlar over kap. 551 kan ha vore overlate til selskap som ikkje er offentleg heileigd. Departementet vil vurdere denne praksisen i lys av Økonomiregelverket. Departementet ber fylkeskommunane, saman med innrapporteringa per 15. april 2009, gje ein oversikt over selskap, organisasjonar o.l. som ikkje er offentleg heileigd og kor mykje midlar dei forvaltar på vegne av fylkeskommunane og andre tilskotsforvaltarar (spesielt kommunar og regionar).

Fylkeskommunane kan utarbeida meir detaljerte retningslinjer, både for eigen bruk og overfor verkemiddelaktørane på lokalt og regionalt nivå.

Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. Oversikt over det nye og utvida distriktspolitiske verkeområdet som vart gjort gjeldande frå og med 1. januar 2007 ligg på nettsidene til departementet, under "Distrikts- og regionalpolitikk, retningslinjer m.v.", <http://www.lovddata.no/for/sf/kr/kr-20061215-1455.html> .

Mål- og resultatstyring

St.prp. nr. 1 (2008-2009) og tilskotsbrevet til fylkeskommunane inneheld ikkje oppfølgingskriteria som kan etterprøvast. Fylkeskommunane skal sjølv utarbeida eit mål- og resultatstyringssystem, med eigne mål, strategiar, oppfølgingskriteria og resultatkrav som svarar til måla for regional utvikling i fylkesplanen innanfor nasjonale mål og rammer. Dette skal synleggjerast i handlingsprogrammet til fylkesplanen og/eller regionale/lokale utviklingsprogram.

3.1 Ny Vekst - stønad til små nyetablerte vekstforetak i det distriktspolitiske verkeområdet

Departementet legg opp til ein auke på 27 mill. kr til Ny Vekst i budsjettet for 2009, slik at fylkeskommunane totalt har 62 mill. kr til ordninga. Løyvinga inneheld midlar til å følgja opp verksemder som alt er inne i ordninga samt å ta inn nye verksemder i 2009. Den fylkesvise fordelinga av midlane skjer med utgangspunkt i den objektive fordelingsnøkkelen på posten og er vist i eigen kolonne i vedlegg 1. I tillegg vil Innovasjon Noreg få tildelt totalt 8 mill. kr (auke på 3 mill. kr) over kap. 552 post 72 som skal brukast i samfinansiering med regionale midlar for å sikra ei utjamning slik at gode prosjekt i heile verkeområdet kan få stønad, og prosjekt i dei fylka som i utgangspunktet får ein svært liten del av dei 62 mill. kr.

Departementet har ambisjonar om at om lag 40 pst. av midlane skal gå til bedrifter som er eigde eller leia av kvinner.

I og med at ordninga vil medføra stønad til same verksemd over fleire år, er det viktig å sikra at Innovasjon Noreg har grunnlag for å kunna gi verksemda lovnader om dette, med atterhald om budsjettsituasjonen. Departementet legg difor til grunn at fylkeskommunane og regionkontora avklarar seg i mellom korleis dei skal følgja opp gitte tilsegner innanfor rammene for ordninga som fylkeskommunen og Innovasjon Noreg vert einige om i det einskilde fylket for kvart år. For meir informasjon om ordninga, sjå tilskotsbrev for 2008.

3.2 Skjønstildelingane

Kommunale/regionale næringsfond

Skjønstildelinga av 145 mill. kr til kommunale/regionale næringsfond i 2009 er ein auke på 45 mill. kr. Auken skal bidra til ei styrka satsing på næringssvake

kommunar med mål om å utvikla kommunane til å verte betre støttespelarar for entreprenørar og lokalt næringsliv. Fylkeskommunane har eit stort ansvar og rolle i dette arbeidet. Auken må og sjåast i samanheng med den nasjonale satsinga på kommunane som førstelinje i småskala næringsutvikling og byggje opp under regionen sin satsing på sårbare område. Midlar til næringsfond kan berre verte gitt innafor det distriktpolitiske verkeområdet.

Departementet ber fylkeskommunane om å krevja rapportering frå kommunane/regionråda på bruken av desse midlane gjennom rapporterings-verktøyet Rapp13.50 (tidlegare Rapp 551.60 og Rapp 551.61). Sjå meir om dette i punkt 7.2 nedanfor.

3.3 Regional omstilling

I 2009 er det skjønntildelt 50 mill. kr til omstilling på kap. 551 post 60. Tildelinga er basert på innspel frå fylkeskommunane om spesiell omstillings-trong i regionar og lokalsamfunn. Fylkeskommunane skal rapportere spesielt på eventuell del av ramma som er nytta til omstillingsutfordringar, jf. vedlegg 4a.

Innovasjon Noreg vil og i 2009 få ei ramme på 8 mill. kr, som er same nivå som i 2008, over kap. 552 post 72 for å ivareta rolla som nasjonalt kompetanseorgan på omstilling overfor fylkeskommunane og kommunane.

Av og til oppstår det kriser i lokalsamfunn med eit omfang som kan gjera det naudsynt med ein ekstrainsats frå staten utover dei skjønntildelte omstillings-midlane over kap. 551 post 60. I St. meld. nr. 21 (2005-2006) side 67, er det definert kva kriterium som skal leggjast til grunn for når det kan vera aktuelt for staten å gå inn med ein ekstraordinær innsats. Departementet vil då ta omsyn til eventuelle skjønsmidlar som er avsette til det aktuelle området.

3.4 Tilhøvet til andre aktørar og operatøransvar for bedriftsretta verkemidlar

Departementet legg framleis til grunn at det skal vera eit klart skilje mellom det strategiske og det operative ansvaret for bruk av dei regionale utviklingsmidlane. Fylkeskommunane skal sjølve ikkje vera operatør for direkte bedriftsretta verkemidlar, men skal nytta Innovasjon Noreg som operatør for slike ordningar. Unntaket frå denne regelen er direkte verksemdstønad i form av transportstønad jf. brev av 30. april 2007 til utvalde fylke. Regjeringa har etter ynskje frå fylkeskommunane notifisert, og fått godkjend av ESA, ei ordning for regional transportstønad, med eit verkeområde som omfattar kommunar i fylka Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Hordaland og Buskerud. Det går fram av nemnde brev at fylka sjølve vel kven som skal ha operatøransvaret for transportstønaden. Andre fylke kan ikkje gje generell regional transportstøtte.

Kommunal- og regionaldepartementet syner til den økonomiske situasjonen i dag og forventa utfordringar for næringslivet. I denne samanheng vil vi peike på at fylkeskommunane har ansvar for bedriftsretta lån og tilskot gjennom overføring av midlar til Innovasjon Noreg. Det er viktig at fylkeskommunen saman med Innovasjon Noreg vurderer om det er eit behov for sterkare prioritering av støtte retta mot næringslivet.

Kommunar eller regionråd som får regionale utviklingsmidlar til å fylla opp kommunale eller regionale næringsfond, kan sjølve vera operatør for direkte bedriftsretta verkemidlar innanfor ramma av bagatellstønad og dei til einkvar tid gjeldande gruppeunntaka. Dette gjeld og kommunar/regionar som får tildelt fond i samband med omstillingsarbeid.

Fylkeskommunane må utforma oppdrags- eller tilskotsbrev til verkemiddelaktørar som skal forvalta midlar på vegne av fylkeskommunen. I desse breva kan fylkeskommunane leggja regionale føringar for bruken av verkemidlane og for rapportering, til dømes overfor kommunane og lokalkontora til Innovasjon Noreg, basert på drøftingar i partnerskapet.

Det er viktig at breva vert sende til aktuelle verkemiddelaktørar så raskt som mogleg etter at rammene er klare, og seinast innan utgangen av første kvartal. Det er og viktig at midlane vert overførte til verkemiddelaktørane etter avtale.

4 Spesielle satsingar under Kommunal- og regionaldepartementet og nasjonale verkemiddelaktørar.

Kommunal- og regionaldepartementet har sett i gong fleire satsingar der samarbeid med fylkeskommunane og verkemiddelaktørane er viktig:

Småsamfunnssatsinga

Departementet vil gi stønad til pilot- og forsøksprosjekt i småsamfunnssatsinga og i 2009. Det er sett av ei samla ramme på om lag 21 mill. kr til utviklingsprosjekt i 2009. Dette er midlar som skal nyttast både til å finansiera fullt ut pilotprosjekt frå tidlegare år, og starta opp nye prosjekt. Departementet vil understreka at det er avgrensa midlar til heilt nye pilotprosjekt i 2009.

Fylkeskommunane, med ansvar for størstedelen av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane, vil verte trekte inn i prioriteringa av nye tiltak. Departementet har sendt eige brev til fylkeskommunane med invitasjon til å komma med forslag. Småsamfunnssatsinga vert avslutta i 2009. Spørsmålet om ei vidareføring vil verte vurdert i distrikts- og regionalmeldinga.

Stadutvikling - utvikling av attraktive småbyar og tettstader:

Departementet vil i 2009 halda fram satsinga på stadutvikling som ledd i KRD sin strategi for utvikling av attraktive stader. I samarbeid med Husbanken har departementet utvikla programmet BLEST (BuLyst og Engasjement i Småbyar

og Tettstader) – eit program for ny giv og nye metodar i kommunalt utviklingsarbeid innan stadutvikling. Programmet er eit initiativ for å setta fokus på attraktive stader og velfungerande, trygge og identitetsskapande lokalsamfunn der folk vil bu og der næringslivet vil utfalda seg. Husbanken har solid kompetanse på korleis dei kan gjennomføra breie utviklingsprosessar lokalt knytt til fysisk utvikling av stader og sosiale møteplassar. Husbanken skal samarbeida med fylkeskommunane om dei konkrete lokale prosjekta. Fylkeskommunane kan sjølv oppsøka Husbanken si heimeside for meir informasjon.

Kultur og næring

Departementet vil i 2009 vidareføra satsinga på kultur og næring og legg i den samanheng opp til å vidareutvikla programarbeidet under Innovasjon Noreg, SIVA og Forskingsrådet. Departementet vil også vurdere ulike tiltak som til dømes eit eget inkubatorprogram for kulturnæringane i regi av SIVA og nokre få nye pilotprosjekt som kan styrkja *kulturbasert stadutvikling*.

Inkubatorprogram for mat- og naturbaserte næringar.

I samarbeid med Landbruks- og matdepartementet vil departementet setje i gang eit inkubatorprogram for mat- og naturbaserte næringar. SIVA er operatør for programmet som elles vil verte gjennomført i nært samarbeid med Innovasjon Noreg. Programmet byggjr og på deltaking frå fylkeskommunane.

Bransjeretta IT-program (BIT-programmet)

BIT-programmet har i fleire år vore finansiert over kap. 552 post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling. Løyvinga til programmet er noko redusert i 2009 ut ifrå eit ynskje om å fasa ut programmet frå denne posten. Departementet vil i 2009 ha ein dialog med Innovasjon Noreg og fylkeskommunane om framtidig finansiering og innretning av vidareføring av programmet.

Distriktssenteret

Kompetansesenteret for distriktutvikling (KDU) skal vera ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distrikta. KDU skal innhenta, systematisera og formidla informasjon om lokale utviklingstiltak, aktivt gje rettleiing til lokale initiativ og aktørar og skaffe fram relevant dokumentasjon. I dette ligg det og rettleiing til enkeltpersonar som fungerer som eldsjeler i lokalsamfunn og lokale frivillige organisasjonar med same føremål. Senteret skal aktivt medverke til kompetanseoppbygging om utfordringar i distrikta, og ha ei rolle som kompetanseorgan, rådgjever og bidragsytar overfor nasjonale, regionale og lokale styresmakter i deira utviklingsarbeid. Det inneber at KDU må ha kunnskap om utfordringar og utviklingsarbeid innanfor alle tre hovudmåla, men med eit særleg fokus på strategiar og tiltak innanfor hovudmål 3 – utvikla attraktive regionar og sentra. Fylkeskommunane vert bedd om, i samråd med Distriktssenteret, å vurdere korleis dei best kan samarbeide.

Profilering og omdømmearbeid

Som ei oppfølging av innspel frå Bulystrådet har departementet sett i gang eit arbeid for å fokusere på omdømmebygging, profilering og marknadsføring av distriktskommunar. For at kommunar i distrikta skal klara å trekkja til seg fleire unge og folk i etableringsfasen, er det eit mål at kommunar, regionar og lokalsamfunn vert flinkare til å synleggjere dei moglegheitene som finst i Distrikts-Noreg.

Departementet erfarer at fleire kommunar etterspør rettleiing og har behov for kompetansetilførsel vedrørande omdømmebygging. Fylkeskommunane må i samarbeid med andre regionale aktørar vurdere korleis kommunane kan tilførast kompetanse på dette området. Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer å støtte opp under kommunar og regionar sitt arbeid for styrka omdømme, primært gjennom å heve kommunane og regionane sin kompetanse om fagområdet. Dette er ein del av den overordna satsinga for å styrka kommunen si rolle som samfunnsutviklar. Departementet har dei siste åra starta arbeidet med å utvikla konkrete læringsarenaer for omdømmearbeid: Pilotprosjektet omdømmeskolen med faglege samlingar og nettstaden www.regjeringen.no/ry, ei inspirasjonsside for omdømmearbeid i kommunar og regionar. I tillegg er fleire andre tiltak under utvikling/vurdering. Departementet vil komma attende med meir informasjon om korleis arbeidet med omdømmebygging og profileringsarbeid vert teke vidare, så snart det er avklart.

By- og senterpolitikk

Regjeringa ønskjer å føra ein politikk som legg til rette for ei positiv utvikling i småbyane og dei regionale sentra. Desse stadene må være attraktive for bedrifter og folk dersom det skal vera fridom i val av busetnad. Fleire småbyar i det distriktspolitiske verkeområdet har liten vekst eller nedgang i folketal. Desse utfordringane er gjerne samanfallande med låg økonomisk utvikling i kommunen, stor avstand til større sentra og skeiv kjønnsbalanse. Nokre byar har problem med omsyn til levekår. Fleire småbyar står fram som særleg sårbare. Dei regionale utviklingsmidlane skal bidra til å redusere sårbarheita til slike stader. Departementet vil invitera fylkeskommunane til ein dialog om desse spørsmåla i 2009.

Gode lokalsamfunn er viktig også i storbyane og i hovudstaden. Regjeringa er opptatt av ein laupande dialog om særskilde utfordringar som ligg utanfor den einskilde storbyen å handtera. Det såkalla storbyprosjektet mot dei 6 største byane vil verte vidareført. I tillegg vil departementet følgja opp lovnadane i hovudstadsmeldinga.

Vidare satsing på førstelinjeteneste i kommunane for småskala næringsutvikling og entreprenørskap

Det skal i 2009 arbeidast vidare med tiltak som skal styrkja kommunane sin kompetanse innan næringsutvikling, stimulera til samarbeid mellom kommunar, oppretting av nettverk og utveksling av erfaringar. Det skal byggjast opp eit kommunalt/lokalt tilbod som skal hjelpe etablerarar og bedrifter i ulike lokalsamfunn. Arbeidet med kommunane sine næringsfond knytt opp mot slike lokale tilbod vil vera viktig. Siktemålet med satsinga er å auka vekst, sysselsetting og verdiskaping i kommunane, bygd på lokale fortrinn og moglegheiter. Innovasjon Noreg har inngått ein eigen samarbeidsavtale med KS knytt til satsinga. Dette er ei felles nasjonal satsing mellom Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet i samarbeid med KS og Innovasjon Noreg, Distriktssenteret og fylkeskommunane. Samarbeidet med kommunane skal vere basert på eit godt og ryddig tilhøve til fylkeskommunane og fylkesmannen. Vi ber fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og kommunane, i dei regionale partnarsskapa, avklara innretninga av arbeidet. Fylkeskommunane har ei særleg viktig rolle i å leggje til rette for eit godt samarbeid med dei involverte partane regionalt. Departementa trappar opp innsatsen og legg samla opp til å løyve om lag 6 mill. kr til Innovasjon Noreg i 2009 for å følgja opp arbeidet. Dette punktet vil og verte følgt opp i oppdragsbrevet til Innovasjon Noreg.

5 Andre løyvingar innanfor 13.50 som fylkeskommunen forvaltar

Kap. 551 post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling – kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift

Departementet kan i 2009 totalt disponera 631,6 mill. kr på denne posten. Fordelinga til den einskilde fylkeskommunen vil liggja føre tidleg i 2009, avhengig av når naudsynt underlagsmateriale frå Statistisk sentralbyrå er klart.

Fordi avgiftsfordelen f.o.m. 2007 følgjer adressa til verksemda (lokalisering) og ikkje bustadadressa til arbeidstakaren, vil det oppstå ein differanse mellom løyving på posten og dei fylkesfordelte kompensasjonsmidlane. Stortinget samtykte i at denne differansen ("restmidlane") i 2007 og 2008 vert nytta til breibandsnett, innanfor heile det distriktspolitiske verkeområdet. I 2009 er 25 mill. kr av desse "restmidlane" ført over til kap. 551 post 71 Nordområdetiltak. Resten av "restmidla" skal i 2009 nyttast til ei vidare satsing på breiband. Departementet vil komma tilbake til opplegg for geografisk fordeling og bruken av restmidlane i samband med tildelingsbrevet for kap. 551 post 61 tidleg i 2009. I dette høve viser vi til brev av 2. desember 2008 kor vi bad om tilbakemelding om gjenståande arbeid i fylka når det gjaldt breiband og innspela frå fylka.

Kap. 551 post 71 Nordområdetiltak

Frå og med 2009 er det oppretta ein ny post: Kap. 551, post 71

Nordområdetiltak. Over denne posten er det i 2009 løyvd 100 mill. kr for å utvikla innovasjonsevna i Nord-Noreg. Midlane skal prioriterast til fylkesovergripande satsingar innan reiseliv og arktisk teknologi. Departementet legg vekt på at denne særskilte innsatsen skal sjåast i samanheng med programverksemda under verkemiddelaktørane og dei desentraliserte verkemidla over kap. 551 postane 60 og 61 i Nord-Noreg.

6. Skatteplikt

Departementet gjer merksam på at einskilte formar for bedriftsstøtte er skattepliktige, jf. skattelova § 5.30. Dette gjeld mellom anna transportstøtte, opplæringstilskot og andre tilskot som reduserer driftskostnadane. Investeringsstilskot som er gjeve i tråd med Forskrift om geografisk verkeområde og bruk av dei regional- og distriktspolitiske verkemidla er ikkje skattepliktige i det distriktspolitiske verkeområdet. Vi viser til retningslinene Del I punkt 5.

7. Rapportering, evaluering og dialog

Løyvingane frå departementet til fylkeskommunane over kap. 551 post 60 vert dels fordelt til andre verkemiddelaktørar og dels forvalta av fylkeskommunane direkte. Departementet legg stor vekt på ei samla og likearta rapportering om all aktivitet som er finansiert med innsats over programkategori 13.50. Opplegget for rapportering om bruken av midlar over kap. 551 post 60 (Rapp 13.50) er tilpassa dette.

7.1 Rapportering frå fylkeskommunane

Hovudbiletet er at rapporteringa til departementet er god og at det har skjedd ei positiv utvikling dei seinare åra. I brev av 6. oktober 2008 har departementet teke opp dei forholda som ein ynskjer fylkeskommunane verte betre på.

Årleg rapportering

Årsrapporten skal vera todelt, i ein beskrivande del og ein statistikkdel:

1. Den beskrivande delen

Fylkeskommunane skal innan 15. april 2009 oversenda ein beskrivande rapport til departementet for bruken av midlane for 2008. Denne rapporten skal seia noko om grunngjevinga for prioriteringa av midlane frå kap. 551 post 60 og post 61. Vi ber om ei samla vurdering i høve til alle midlane, ikkje bare dei som vert forvalta av fylkeskommunen, med særleg vekt på ei vurdering av tildelinga av midlar til Innovasjon Noreg. Vi ber og om framstilling av viktige aktivitetar og døme på spesielle satsingar og samarbeidsprosjekt, og omfanget av partnerskap og samarbeid i det enkelte fylket. Fylkeskommunane skal og gje ei utgreiing om eventuell omstillingsinnsats i enkeltkommunar/regionar.

I vedlegg 4a er det lagt inn ein mal for den beskrivande årsrapporten og ei liste over stikkord som framstillinga av eksempel bør innehalda. Det er viktig at alle fylka nyttar denne malen slik at rapporteringa skjer i ei enskapleg form. Nytt i høve til tidlegare er at i dei tilfeller det er samarbeid mellom fleire fylker, må rapporteringa samordnast.

Departementet ber spesielt om at fylkeskommunane synleggjer godt kva for føringar som vert lagt til grunn for midlar som Innovasjon Noreg, kommunane og andre forvaltar på vegne av fylkeskommunane. Departementet ønskjer også å få tilsendt fleire framstillingar av gode eksempel på innsats. Departementet gjev skriftlege tilbakemeldingar på rapporteringa.

2. Statistikkdelen

Statistikkdelen er basert på rapporteringssystemet Rapp13.50 (tidlegare Rapp 551.60, Rapp 551.61 og Fond2000) som skal verte send til departementet via operatøren for systemet (Spine). Rapporten skal omfatta midlar frå både kap. 551 postane 60 og 61 og delar av post 64. Fristen for fylkeskommunane og dei som forvaltar midlar på vegne av fylkeskommunane til å leggja inn registreringsinformasjon frå rapporteringsåret 2008, er 1. februar 2009. Dette gjeld ikkje midlar som Innovasjon Noreg forvaltar på vegne av fylkeskommunane.

Statistikkdelen skal syna:

- Fordeling av alle midlane frå kap. 551 post 60, på ulike aktørar som forvaltar midlar, også fylkeskommunane sjølve.
- Registrering av tiltak med midlar forvalta av fylkeskommunane på hovudkategori og eventuell underkategori, samt spesielle, tverrgående registreringstema.
- Midlar frå fylkeskommunane til spesielle program/tiltak under t.d. SIVA, Forskingsrådet og Ungt entreprenørskap skal registrerast som vanlege tiltak under fylkeskommunane, dersom dei ikkje inngår i større rammer.

Vedlegg 4b inneheld ein oversikt over dei hovudtypane av kategoriar og tverrgående tema som fylkeskommunane skal rapportera på, og definisjonar og forklaringar på innhaldet i rapporteringa. Registreringskategoriane for 2009 byggjer på kategoriane for 2007 og 2008.

Innovasjon Noreg rapporterar direkte til departementet om bruken av midlar frå kap. 551 post 60 til bedriftsretta stønad gjennom sitt eige rapporteringssystem.

Kommunar, regionråd og landsdelsamanslutningar skal rapportera om bruken av midlane gjennom bruk av Rapp13.50. jf. punkt 7.2 nedanfor. For transportstønad gjeld spesielle reglar for rapportering, jf. punkt B under.

Evalueringar og dialog

I 2007 varsla departementet ei samla evaluering av bruken av 551 post 60. Arbeidet vert følgt av ei referansegruppe med representantar frå tre fylkeskommunar, Innovasjon Noreg og departementet. Arbeidet omfattar strategisk analyse, casestudiar og utarbeiding av eit effektindikatorsystem. Sluttrapporten vil liggje føre tidleg i 2009. Resultata vil verte diskutert med fylkeskommunane i eigne prosessar. Det vil mellom anna vera naudsynt å diskutera korleis resultata skal følgjast opp av fylkeskommunane og departementet.

I tillegg til overordna evalueringar for heile budsjettposten er det viktig at fylkeskommunane sjølve gjennomfører evalueringar av eigne satsingar og program, og at departementet vert halde orientert om dette. Kravet til evalueringar er forankra i økonomireglementet (§ 16) og er ein viktig del av arbeidet med å korrigerer innretning, omfang m.v. på tiltaka.

7.2 Rapportering frå kommunar, regionråd, landsdelssamanslutningar

Kommunar, regionråd og andre landsdelssamanslutningar og eventuelt andre forvaltningsorgan skal rapportera om bruken av midlar frå kap. 551 post 60 som dei har fått tildelt frå fylkeskommunane gjennom same rapporteringssystem som fylkeskommunane brukar, Rapp 13.50. Fylkeskommunane har ansvar for å sjå til at dette skjer. Departementet ber fylkeskommunane vidareformidla dette kravet i samband med overføring av midlar til kommunale eller regionale næringsfond og landsdelssamanslutningar og følgja det opp, til dømes i samband med overføring av midlar påfølgjande år. Fylkeskommunane må sjå til at kommunane vert informert om sjølve programmet Rapp13.50, kor det kan lastast ned og kven som kan gje bistand.

Departementet har tidlegare teke opp problema knytt til manglande rapportering frå kommunale og regionale fond og evt. andre aktørar. Vi understrekar at det er ansvaret til fylkeskommunane å sørge for at aktørar fylka delegerar midlar til, og rapporterar til departementet om bruken av midlane.

Omstillingsfond vert å sjå som kommunale eller regionale næringsfond. Det skal difor rapporterast på kommunale omstillingsfond på same måte som for kommunale eller regionale næringsfond.

Fylkeskommunane kan rapportera på vegne av kommunane og regionråda, jamfør brev av 8. juli 2008. Vilkår er at det går klart fram frå fylkeskommunane si talrapportering kva som er rapportering frå andre forvaltarar. For å sikre identifisering av aktuelle prosjekt, skal dette gjerast på følgjande måte:

1. Kommunale næringsfond. Disse fonda skal ha følgjande budsjettområdenamn:
"KNF-KOMMUNE-NAMN PÅ OPPRINNELEG BUDSJETTOMRÅDE".

2. Regionale fond. Desse fonda skal ha følgjande budsjettområdenamn: "RF-KOMMUNE-NAMN PÅ OPPRINNELEG BUDSJETTOMRÅDE".
3. Landsdelsutvalget. Dette gjeld berre Landsdelsutvalget for Nord-Noreg, og merkast "LU-NAMN PÅ OPPRINNELEG BUDSJETTOMRÅDE" dersom det er aktuelt at fylkeskommunane i Nord-Noreg rapporterar.

I talrapporteringa frå fylkeskommunane skal kvar einskild mottakar av rammer til kommunale næringsfond, regionale fond eller landsdelssamanslutningar være spesifisert.

8. Intern og ekstern kontroll

I retningslinene for kap. 551 post 60 og 61 (del II, punkt 3) står det at fylkeskommunane, basert på vurdering av risiko og kor viktig eit tema er, skal etablera eit forsvarleg og nyttig system for tilskotsforvaltning. Departementet syner til eige brev om internkontroll av 24. oktober 2006 der vi bad fylkeskommunane om ei tilbakemelding på dei systema og rutinane som er etablert. Det er også viktig at ein tar etiske omsyn i saksbehandlinga.

Riksrevisjonen vurderer for tida spørsmålet om å gjennomføra ein forvaltningsrevisjon av kap. 551 post 60. Undersøkinga er i fyrste omgang avgrensa til ei foranalyse, som etter planen skal avsluttast innan utgangen av januar 2009. Når foranalysen er gjennomført, vil Riksrevisjonen ta stilling til om revisjonen skal vidareførast i ein hovudanalyse. I tillegg til å henta inn dokument vil Riksrevisjonen intervjua tilsette i departementet, fylkeskommunane, forskarar og tilskotsmottakarar.